

Til NVE

Innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land – Solund

Det vert vist til NVE sin invitasjon om å sende innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land. Nedanfor følgjer Norsk kystkulturakademi (NKKA) sine innspel.

NKKA sine 4 fokusområde er «Akademi, Landskapsskjøtsel og villsaudrift, bygningsvern, Kajakk» Alle desse elementa vert satt saman i undervisning, kurspakkar og guida turar i møte med menneske og kultur, gjennom natur og via kulturminner, både til lands og til vanns.

Hovudkonklusjon:

NKKA ber NVE om å eliminere område som dekker Solund og omegn i den vidare planlegging og utbygging av vindkraft i Noreg.

Dette vert grunngeve med følgjande:

1. Solund representerer eit heilt særeige landskapsområde i Noreg.

Det norske geologiske fagmiljøet har uttalt seg om akkurat dette landskapsområde og har nyleg gitt ein uttale som stadfester at område har nasjonal og internasjonal høg verdi. Les meir om dette i forstudien [«Kvernsteinsparkens skrifter 3 - UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen: Eit nytt fyrtårn for HAFS og Sogn og Fjordane?»](#), og særleg side 64 / 65 der ekspertisen i det norske geologiske miljø (NGU) har gitt sin uttale. Denne følgjer også sitert nedst i denne uttalen, saman med eit av Europas første geologiske kart frå nyare tidsalder, datert i år 1822.

2. NKKA gjennomførte i perioden 2014-2017 ein prosess med å utvikle ein Norsk regionalpark.

Den 17. januar 2017 vart Sognefjorden kystpark stifta.

I mai 2017 vart parken godkjent som Noregs 6. nasjonale regionalpark, av i alt 8 stk.

I desse dagar har forprosjektet «UNESCO Global GEOpark i HAFS» starta opp, der det er meininga å søkje om UNESCO-status i år 2020.

Begge desse momenta tilseier at vi har med eit landskap å gjere som er unikt i verdssamanheng. Inngrepa knytt til vindkraftindustri i Solund er irreversible og inngrepa er så omfattande at dei ikkje er etisk forsvarleg å gjennomføre, sett i eit naturforvaltningsperspektiv.

Konklusjon pkt. 1 og 2

NKKA ser det som øydeleggjande for all si verksemd at det urørte og det svært kuperte og knudrete kulturlandskapet vert påført «to-felts» vegnett, og at kvar mølle skal få si tilhøyrande «handballbane». Dette ser vi som øydelegging av eit særeigne landskap som vert rekna for å vera i verdsklasse.

3. NKKA brukar kystkulturen, dei rike kulturminna og kystlandskapet som si fremste læringsarena, guidetumleplass og salsvare.

4. Vi har i samarbeid med kommune og næringsliv arbeidd fram Solund som ei sterk merkevare.

NKKA får så godt som utan unntak, tilbakemeldingar frå både kurshaldarar, kursdeltakarar og andre tilreisande og kundar knytt til vår eiga så vel som kommunen og andre si verksemd, at dette naturområde er noka av det mest særleine langs heile norske-kysten. Naturen / samfunnet dei møter er prega av ro og ber med seg ein høg grad av autentisitet, noko ein sjeldan finn på andre turistdestinasjonar i Noreg.

Frå alle stader der NKKA gjennomfører sine guida turar med kajakk eller til fots, vil dei opp mot 250 meter høge vindmøllene ta alt blikkfang og dei vil ruve over fjelltoppar frå Hardbakke til Utvær fyr. Vårt vestlegaste punkt og fyr vert utilsikta plassert i skuggen av møller som svirrar, durar og blinkar sine kontinuerlege høgintensitets lys. Utvær fyr vert ståande der som eit paradoksalt utropsteikn som lågmælt og utan nytte stadig prøver visa veg mot den leia Sulingen best bør ta.

Konklusjon pkt. 3 og 4:

Forutan at dette øydelegg livskvalitet for dei mange som både har budd her lenge og dei som er tilflytta og som brukar naturen aktiv, endrar ein vindkraftindustri Solund si merkevare fullstendig; - frå å vera den autentiske og uberørte, med det særleine landskapet og dei stolte kulturminna, til å vera vindkraftindustrikommunen Solund.

Sjølv om dette audiovisuelle er øydeleggjande for NKKA si verksemd, så er dette ikkje noko mot dei irreversible inngrepa som vert gjort og som er nemnt i første punkt. Det audiovisuelle kan trass alt fjernast etter 20-30 år; - ikkje dei ubotelege såra naturen vert påført.

5. Solund kommune er eit samfunn med eit folkeferd som lever i pakt med naturen og utviklar samfunn og næring på naturen og kulturen sine premisser.

Desse vindmøllene er av slike dimensjonar, at det bryt med den måten Sulingar har bygd kommunen sin på. NKKA og næringslivet elles, lag- og foreiningar, kommunen og innbyggjarane ynskjer ei berekraftig utvikling. Alle som ein ynskjer å skape ei utvikling, men ikkje ved å bryte ned det som er grunnlaget for utvikling og vekst i Solund; - sjøen og kystlandskapet.

Konklusjon pkt. 5:

Vi ynskjer å overlevere eit autentisk Solund til neste generasjon. Dette er ikkje foreinleg med å gjennomføre ei vindkraftindustriutbygging i Solund.

Hardbakke 17.oktober 2018
Norsk kystkulturakademi AS

- sign -

Styret og dagleg leiing:

Bjørn Magne Hansen
Trude Johansen Søylen
Erlend Mongstad
Rolf Bjarne Sund
Ove Losnegård
Leif Kahrs Jæger
Kjell Mongstad

Musea i Sogn og Fjordane, Norsk Kvernsteinsenter
Attn.: Franziska Rüttimeann

6957 HYLLESTAD

Deres ref.:
Vår ref.: 17/00512-1

Trondheim 07.09.2017

Saksbehandler: Tom Heldal

HAFS-REGIONEN OG UNESCO GLOBAL GEOPARK

I forbindelse med forprosjekt/vurdering av HAFS-regionen og muligheter til å oppnå status som UNESCO Global Geopark, har NGU følgende uttalelse:

- UNESCO Global Geoparker kan beskrives som "single, unified geographical areas where sites and landscapes of international geological significance are managed with a holistic concept of protection, education and sustainable development" (se [UNESCO websider](#)).
- En absolutt betingelse for å søke om status og medlemskap i UNESCO Globale Geoparker er altså geologiske steder og landskap av internasjonal verdi. Dette evalueres av et uavhengig, internasjonalt ekspertpanel som første trinn i en søknadsvurdering.
- Det er NGUs oppfatning at området kan vise til to felt der synlige geologiske elementer av internasjonal verdi kan dokumenteres.
- Begge feltene dreier seg om hvordan fjellkjeder blir dannet, dokumentert i restene av den Kaledonske Fjellkjeden (440 til 370 millioner år siden) som er godt representert og synlig i landskapet.
- Det ene feltet dreier seg om en fjellkjedes vekst og dannelse. Det skjedde ved at to kontinenter kolliderte, og det ene ble presset under det andre dypt ned i jordas indre. Ytre Sogn er et internasjonalt anerkjent område for å studere slike dypdykk av kontinenter, og berggrunnen kan vise til bergarter dannet på ekstremt store dyp. Derfor kan for eksempel observasjoner i området brukes til å forutse hva man kan forvente å finne i røttene til Himalaya.
- De andre feltene dreier seg om hvordan høye fjellkjeder kolliderer av sin egen vekt og de prosesser som virker rundt en fjellkjedes «fall» - erosjon og avsetning av mektige sedimentbassenger (Devonfeltene) kombinert med gigantiske utglidninger og forkastninger. Også på dette området er HAFS sterkt anerkjent internasjonalt som et typeområde.
- Innenfor begge disse feltene er det publisert svært mye vitenskapelige artikler av høy kvalitet, og det er jevnlig internasjonale ekskursjoner i området.
- I tillegg til de ovenfor nevnte feltene vil vi også påpeke at det er publisert geologiske kart og beskrivelser fra området meget tidlig (allerede 1822-24). Disse beskrivelsene, og i særdeleshet kartene som medfølger, bør fremheves blant banebrytende pionerarbeid innen utvikling av geologi som vitenskap.

Det er altså NGUs konklusjon at geologien i HAFS-regionen oppfyller kriterier til å være «of international geological significance». Det vil si at vi mener at minstekravet til å søke UNESCO Global Geopark er oppfylt. Vi vil understreke at denne uttalelsen kun gjelder de geologiske kriteriene, ikke de andre.

Vennlig hilsen



Tom Heldal
direktør Geologiske ressurser og miljø

Sitat frå Forstudie UNESCO Global GEOpark - eit nytt fyrtårn for HAFS?

«Vi har en helt unik geologi i verdensammenheng. Her møtes gamle Europa og gamle Amerika – her er restene etter en av de største fjellkjedene som noensinne har eksistert! Og ikke minst er et av verdens første, moderne geologiske kart tegnet i nettopp vår region – av den tyske geologen Naumann i 1822 (se bilde).»



Kartet er oppbevart på Universitetet i Bergen.

«Det aller første geologiske kartet ble tegnet i Egypt for mer enn 3000 år siden, det er kjent som «The Turin Papyrus» fordi det i dag blir oppbevart i det egyptologiske museet i Torino, Italia. Dette er en skjematisk fremstilling av de gamle steinbruddene og gravene i Wadi Hammamat i Egypt. Moderne geologiske kart kom først langt senere, på begynnelsen av 1800-tallet i England.

Naumann's geologiske kart over Ytre Sogn følger i denne tidlige tradisjonen. Det er svært nøyaktig og derfor en uhyre viktig del av den geologiske forskningshistorien.

For øvrig:

Geologen Neumann gikk i Pontoppidans fotspor. Han kom faktisk til Ytre Sogn fordi Pontoppidan mente å ha sett mengder av fossiler i Solund på 1700-tallet. Etter en strabasiøs ferd i kamp med naturkreftene kunne Naumann avkrefte: Fossilene var ikke annet enn de mektige konglomeratene vi har i Solund, på Lihesten, på Værlandet/Bulandet og på Kvamshesten.

Akkurat disse bergartene og naturformasjonene vil kunne bli helt sentrale i en fremtidig UNESCO Global Geopark. For de er rester av verdens høyeste fjellkjede, fra da den eroderte og kollapset i devontiden, for 3-400 millioner år siden.)»